

Opprydding ved Informasjonstavla

23.03.2018



Egil Myhre, saman med Asle Moberg, rydda bort det falleferdige gjerde ved infotavla i dag.

Uskedal utvikling har ei tid jobba med opprydding kring Informasjonstavla og på grøntarealet ved Gamleskulen, Tahivogna og parkeingsplassen ved SPAR. Eit tregjerde mellom infotavla og kommunevegen er demontert og køyrt på SIM. Egil Myhre og Asle Moberg reiv gjerde og rydda fint til etterpå.

Grøntarealet er kommunalt. Uskedal utvikling eig berre nokre meter frå veggen til Gamleskulen. Sidan kommunen er grunneigar, er det prøvd å få kommunen med på nokre justeringar for gjea område meir trafikksikkert og betre tilpassa dei som er brukarar i dag. Uskedal utvikling har ikkje lukkast med å få kommunen til å ta ansvar for det dei eig i sentrum av Uskedalen. Det vert synt til at slike tiltak må kostnadsrekna og prioriterast i ein plan

Saka vert på nytt teke opp med fagansvarleg Naterstad og ordførar Sjo Slettebøe i møte straks over påske. Til så lenge ryddar Uskedal utvikling arealet, slår plenen når den tid kjem og ser til at leikeapparata vert brukte slik det var tenkt.

Uskedal utvikling vil også bed dei som har infoboksar, om å bruka dei med oppdatert informasjon. Om ikkje er det betre at andre får tilgang til plassane.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Gunn Mari Moberg/ Kristian Bringedal



Etter ryddinga ser området slik ut.